

Styremøte SFSG 9.2.19 Vik i Sogn

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv og Solgun Haugen

Forfall: Odd-Jarle Øverås, Jostein Flatland, Thomas Manseth Bjørhovde

Sak 1/19. Kort tilbakemelding frå styremedlemmane vedrørande arrangement dei har delteke på

Jo; ingenting

Ragnhild; fagsamling sau, møte med landbruksorganisasjonane

Solgun; fagsamling sau

Sak 2/19. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa

Avlsutvalet for sau – utsett til neste møte.

Geitegruppa – har ikkje vore møte. Har vore telefonkontakt ang kvalitetsregelverket. Jobbar for å få til meir samarbeid med Møre.

Gjetarhundnemnda – utsett til neste møte.

Ammegeit gruppa – sendt ut brev ang ammegeit kveld på Skei 13.2.19.

Sak 3/19. Søknad om utnemning av æresmedlemmar i lokallag

Styret i SFSG har motteke søknad frå eit lokallag som ynskjer å utnemna to personar som æresmedlemmar av lokallaget. Utnemningane er godt grunngjevne.

Styret i SFSG godkjenner utnemninga av æresmedlemmane.

Sak 4/19. Årsmøte 01.09.19 – Innkalling og sakliste, praktisk gjennomføring

Styret gjekk gjennom kven som skulle ha invitasjon til årsmøte og årsmøtemiddag.

Det vart sett opp saklista og program for årsmøtedagen.

Program årsmøte fredag 1.3;

Kl 11 Registrering

Kl 11.30 Opning v. leiar Ragnhild Sæle og ordførar i Luster Ivar Kvalen

Kl 12 Lunsj

Kl 13- Årsmøte. Sakliste etter vedtektene

Kl 18 Avslutning

Kl 19 Årsmøtemiddag

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 5/19. «Fagdag» 02.03.19 - program

Program for «fagdag» 2.3.19;

- Kl 9 Lokallaget sin time
- Kl 10 Utmarksgjerdeprosjekt i Selje v. Kristian Nave
- Kl 11 Pause, utsjekk
- Kl 11.45 Jus i utmark v.Sæmund Stokstad
- Kl 13 Lunsj

Sak 6/19. Resultat og balanse pr 31.12.18

Styret gikk gjennom resultat og balanse pr 31.12.18 og tek dette til etterretning.

Det er styret som disponerer årsresultatet. Årets overskot vert lagt til fri egenkapital.

Sak 7/19. Budsjett 2019

Styret laga forslag til budsjett for 2019 ut frå rekneskapan for 2018, korrigert for kjende endringar.

Sak 8/19. Arbeidsplan 2019

Det vart jobba med forslag til arbeidsplan for SFSG for 2019. Arbeidsplanen blir ferdigstilt på styremøte 28.02.2019.

Sak 9/19. Årsmelding 2018 m.m. – status

Det er sendt ut «etterlysning» av diverse årsmeldingar, med svarfrist 10.2.19

Styret gikk gjennom status for årsmeldinga/årsmøtehefte.

Sak 10/19. Innspel til jordbrukstingingane

Gruppa som skulle jobba med forslag til uttale til jordbrukstingingane har hatt forslag til uttale på høyring blant lokallaga. Det kom inn 9 innspel. Punkt som mange var usamde i, er fjerna frå innspelet. Styret i SFSG går for det reviderte forslaget til arbeidsgruppa. Det vert sendt ut til lokallaga saman med invitasjonen til årsmøte. Svarfrist til NSG sentralt er 4.mars 2019.

Sak 11/19. Status Fylkesfellingslaget

Ragnhild orienterte om status. Kommunenes Sentralforbund i fylket tek seg av dette å få på plass ei ny organisering. Luster eller Sunnfjord kommune teke på seg arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa skal vera klar til 31.mars 2019.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 12/19. Ymse

a) Søknad om stønad til aktive lokallag

Styret i SFSG har fått inn 3 søknadar om stønad til aktive lokallag i 2018. Det var sett av kr 20 000,- i budsjettet til denne ordninga.

Desse søkte om midlar:

- Askrova Sau og Geit søkte om å få dekka utgifter i samband med «Sosial kveld» for å få liv i laget att. Totalt kr 4176.
- Stryn Sau og Geit søkte om å få dekka utgifter i samband «Grillaksjonen 2.juni».
- Vik Sau og Geit om stønad til å få dekka heile eller deler av underskotet på kr 7021,50 i samband med klyppekurs. Kurset hadde deltakarar frå fleire lokallag.

Styret i SFSG vedtok at Vik Sau og Geit får dekka underskotet ved klyppekurset på kr 7021,50. Søknadane frå Askrova og Stryn får ikkje støtte. Vedtaket vart gjort pr e-post i 2018.

b) Brev frå Oldedalen Sau og Geit

Styret i SFSG har motteke brev frå Oldedalen Sau og Geit med diverse problemstillingar/spørsmål dei ynskjer tilbakemelding frå styret på.

Styret gjekk gjennom brevet på møte og jobbar med å henta inn opplysningar på problemstillingane.

Styret tek saka oppatt på neste styremøte.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599